

blest

Eit magasin om folk i vinden. Nr. 1 - 2010



SIDE 16 · MØT ULSTEINVIK SITT NYE SYKKELIKON MARTIN NOTØY NEVSTAD

blest

blest

Blest er eit magasin om folk og hendingar i havgapet. Magasinet er utgitt av Ulstein kommune og kjem ut 3-4 gongar i året. Blest vert delt ut til alle husstandar i Ulstein og ligg også tilgjengeleg på vår webside www.ulstein.kommune.no.

Ulstein kommunestyre har sett fokus på omdømmestrategi og prioritert dette i samfunnsdelen av kommuneplanen og i økonomiplan og budsjett for 2010. Vår tanke er at Ulsteinmagasinet Blest skal vere ein del av denne omdømmestrategien. Målet med magasinet er å vise mangfaldet, skaparevna og mulegheitene som finst i regionen vår.

ANSVARLEG REDAKTØR
KONSEPT OG DESIGN
TEKST

Asbjørg Garshol
Havnevik Reklamebyrå
Havnevik Reklamebyrå, Olga Støylen Runde
og Ulstein kommune
Tony Hall, Per Eide og Havnevik Reklamebyrå
Oystein Støylen Runde
Alle husstandar i Ulstein kommune

FOTO
ILLUSTRASJON
DISTRIBUSJON

innhald

4

NY RUNDE
*Olga og Oysten
Støylen Runde*

6

KOKKEN THOR
*Mot Kaffikari
sin stjernekokk*

8

VILL I KNOTTEN
*Intervju med Trude
Gurskevik Knotten*

12

FAMILIELEGEN
*Mot lege og familie-
mannen Karsten Melo*

16

SYKKELIKONET
*Martin Notoy Nevstad,
Ulsteinvik sitt nye ikon*

18

PÅ NYE TUFTER
*Nye tomteplaner i
Ulstein kommune*



Mamma er søt ...

Håper på naturkatastrofer i resten av verda slik at ho får brukt opp rips-lageret.



Ny Runde

TEKST OLGA STØYLEN RUNDE (LEKTOR & FORFATTAR)

ILLUSTRASJON ØYSTEIN STØYLEN RUNDE (ILLUSTRATØR OG TEIKNESERIESKAPAR)

Best å bu i Ulstein?

På femtitalet var Ulstein kommune ein vanleg landsens kommune, med post og butikk i kvar grend, men med Ulsteinvik som sentrum. Folk kom frå heile Ytre Søre, anten for å gå «ungdomsskule», få seg gebiss eller kjøpe sykkel. Her var både ei gate, haldeplass og hotell, der omreisande grossistar heldt «utpakking» for landhandlarane, som framleis fanst. Dei selde knappar, trådsneller, bukse-selar, stroppestrekk, golfjakker, kardigansett, skreddarkrit, syd-vestar og oljehyre, kalosjer og «emissærar» med glidelås, til karar som var landkrabbar, og hårnett til fruene.

Haldeplassen vart forresten eit ømt punt, mesta som «Plata» i Oslo, der «uønskte element» samlast. Dei innfødde hadde nok rett i at mange kom frå andre bygder og laga kvalm. I dag ligg der eit eksotisk hotell med kulturhus i vasskanten, med fredelege turistar, pengesterke reiarar og proffe musikarar på vitjing, så nevekampane er flytta til andre arenaer, sjølv om avisene syner at nokre kamphanar har overlevd! I alle fall er det kjekt å sleppe å verte bokstavleg tala nedslått etter ein god film eller ein fin konsert.

På 50- og 60-talet var «Byen» Ålesund. Konene drog dit med ulla si og fekk att spinnegods, drog på julehandel eller på jakt etter konfirmantutstyr, dressar å vekse i, kåper, skor og paraplyar, og så hatt til dei arme gutane. I dag kan ein få alt ein treng i Vik, og litt til. Då her vart by, spratt det opp så mange kjøpesenter, at vi fekk valgets kvaler. Skulle vi stime rundt med liste over vekas tilbod, så vi brann inne med syltesukker, Joikakaker og fiskepudding utgådd på dato, eller skulle vi vere solidariske og støtte nærbutikken? Vi har visst saga av greina vi sat på, for i utkantane må ein ha eigen bil om ein vert brødlens. Mjolk kan ein alltid få lånt av grannen, i alle fall om dei har kyr. Men gjær er det verre med. Ei T-skjorte med traktor på gjer liksom ikkje same nytten, eller eit kunstverk av Magne Furuholmen.

Kjem ein til Vik, er der rikeleg med mat, til og med thaimat og kinamat, og klede til alle formål, sjølv om butikkane har ein låk tendens til å leike gøyme og leite med oss. Anten har dei flytta eller lagt ned, kven veit? Det gjeld å vere lynrask til å byte julegaver før dei er vekk! Her er blomster og briller på annakvart hjørne,

og medisinar til ein heil pandemi. Her er bokhandelar med alt ein kan tenkje seg, til og med bøker. Så får vi vone at kjøpekrafta held seg. Dei fleste av oss er avhengige av skipsindustrien, også dei talrike frisørane, massørane og sjåførane, berre for å nemne nokre. Også lærarar, pleiarar og snikkarar treng «kundar».

Framleis er det bøndene og fiskarane som skaffar mat. Så når tørken slår til i Russland og flaumane druknar risen i Kina, hjelper det lite med globalisering. Då kan «utkantane» igjen verte oppskatta for anna enn utsikta, og dei sagnomsuste badestrendene, så berre ver tolmodige. Og hagane kan på ny få grisehus, hønsgard og potetåker, kven veit? Her er mykje god jord framleis, tenk på alt gras-set som hamnar i Saunesmarka. Sjølv om Fløbøndene somme år har fiska potetene frå færing, slepp vi store skadeflaumar. Kva med «Kuhjørnet» som in-stad? «Kortreist mat» er i vinden, men tyder det at alt må ha seg ein bytur før det kan etast? Vi har alt vi treng og er rikt velsigna med med fjell og fjøre, luft og vatn. Og når sola raudnar i vest, «kan han ingen stad vænare sjaa», det lyt sjølv Hareidsdølingar vedgå.



Kokken Thor

MØT KAFFIKARI SIN STJERNEKOKK THOR-ERIK ANDERSEN

Thor-Erik Andersen (26) takka nei til jobb på fransk topprestaurant med tre Michelin-Stjerner og flytta til Ulsteinvik. Han ville heller gjere Kaffikari om til Sunnmøre sin beste lunsjkafé ilag med tanta.

Thor-Erik hadde heile tida som mål å flytte heim att til barndoms-traktene; han kjem frå Hareid. Det skjedde berre litt tidlegare enn planlagt. Tanta tilbydde han å bli medeigar i Kaffikari i Ulsteinvik sentrum. Og det var argumentet som skulle til. I tillegg til kjærleiken til Ann Kathrin Hatlebakk frå nett-opp Ulsteinvik. Kaffikari er ein folkeleg kafé med vekt på lunsjservering. – Det er fulle bord til lunsj kvar dag. Vi serverer alt frå salatar til ein heime-laga burger som det går mykje av.

Den talentfulle kokken har vore innom kjende restaurantar i Oslo og også rukke å sveitte seg gjennom halvanna år på ein restaurant i ein «petit», fransk by ved namn Colmar; hovudstaden i vindstrik-tet Alsace. – Ein fantastisk by! Sjølve sentrum er lite. Om sommaren er det blom-

sterkassar overalt, om vinteren julemarknad og små bodar. Men han måtte gjennom harde tak. Han var sjef for den såkalte kaldstasjonen med to lærlingar under seg.

– Eg kunne ikkje eitt einaste ord fransk då eg kom dit. I tillegg hadde restauranten ei Michelin-stjerne som det var om å gjere å behalde.

Thor-Erik har teke med seg heim att mykje frå den franske matkul-turen. Bortsett frå arbeidstidene.

– På ein fransk restaurant i topp-sjiktet jobbar ein seks dagar i veka, 17-18 timar kvar dag, og i tillegg er det obligatorisk å ete alle måltid saman med kollegaene. Ja, jobben er viktig, men eg ønskjer å ha eit liv utanom også. Her i Ulsteinvik jobbar eg også hardt, men eg har tid til familie og vener, og eg er aktiv i fotballgruppa, seier Thor Erik.

Litt for aktiv, vil enkelte kanskje meine, i alle fall er kokken Thor i snakkande stund ute med ledd-bandsskade etter ein hard saman-støyt på kunstgraset.

Om Thor-Erik er ein hissig chef? – Eg har gått den harde skulen. I Oslo lærte eg at temperament er det einaste som hjelp. I Frankrike vart eg meir audmjuk. I dag trur eg at eg er ein roleg sjef, men eg vil ha det slik som eg seier. Og så liker eg å lære opp andre, for eksempel veslebroren min. Eg prøver å førebu han på både det gode og det vonde med yrket.

– Vonde?

– For eksempel at det er lett å prøvesmake litt for mykje, ler kokken med pondusen sin. Ein del av skulda for den vesle pondusen må mor sine potetballar ta; dei er det beste han veit. Og no kan han ete dei mykje oftare.

Vill i Knotten

Livet passerer ikkje i revy for Trude Gurskevik Knotten. Livet er ein revy. Og revy er livet.

EKSTRA-
NUMMER





“Revy fengar meg fordi eg alltid har sett det komiske i kvardagen.”

TRUDE GURSKVIK KNOTTEN REVYENTUSIAST

Eitt av høgdepunkta i den private revyen var då den unge førskulelæraren frå Haugsbygda i Sande trykte på den rette Knotten, nærare bestemt Eldar Kåre, og vart Trude Gurskevik Knotten. Dei bygde hus og flytta til Dimna i 1991.

– Revy fengar meg fordi eg alltid har sett det komiske i kvardagen. Difor vart eg så glad då eg oppdaga det kreative teatermiljøet i Dimna Idrettslag, fortel ho.

Spira til Dimna-revyen starta i 1997, då festprogrammet på bygdafesten vart så vellukka at dei ville prøve å selje ei førestilling.

– Eg hugsar ein sa: “Ja, du kan tru nokon gidde å kome bort i Dimna og betale for å sjå på dokke....” Men folket kom, fleire og fleire i løpet av dei ni revyane til no, med over 1000 betalande kvar gong.

Revy er intens jobbing i to-tre månader, presset aukar jo nærare premieren kjem, det tærer på alt anna – jobb, familie og fritid. Fordi det er så gøy! Trude skriv tekstar, held oppe motet i gjengen, registrer, set folk i arbeid, sørgjer for at det vert øvd nok og at tekstane vert forbetra. Elles er Dimna-revyen ein

stor dugnad. – Vi må sjølv lage kostyme og bygge scene, vaske, rydde og reklamere. Ikkje minst må alle ha mat, og der er eg totalt ubrukeleg den siste tida før premieren. Då klarer eg ikkje konsentrere meg om praktisk arbeid. Heldigvis har vi folk i gjengen som tek seg av det, seier revyentusiastten.

Revy er ein av få arenaer for både tenåringer og pensjonistar.

– Det er ein fantastisk styrke med fleire generasjonar ilag, seier Knotten. Dimna-revyen tek gjerne imot nye folk, det er alltid ein fordel med nytt blod og nye blikk, elles går ein seg lett fast i eit spor og det heile vert keisamt. Det hender dessutan at folk må ha ein pause, og då får andre sleppe til med talenta sine.

– Dei fleste kjem frå Dimna, men vi har teke inn nokre få frå omlandet på humanitært grunnlag, gliser ho.

Det er godt for Dimna at det strøymar folk hit frå andre plassar, dette er utkant i ein utkantkommune, på godt og vondt. Nokre er redde for å bli parodierte, men for andre er det ei ære.

– Enkelte vert skuffa om dei ikkje er med. Vi vinklar ting positivt, men kan godt gje offentlege personar eit spark om det trengst, særleg dei frå nabokommunen Hareid, ler ho. Revyen femnar om eit større publikum enn den vesle bygda i Ulstein kommune.

Nett no har ho eit års permisjon for å få tid til ein annan lidenskap; måling. I tillegg tek ho på seg oppdrag som konferansier m.m.

– Eg får vel eigentleg ikkje gjort så mykje meir, men det eg før gjorde veldig fort, eller om natta, kan eg no bruke meir tid på. Permisjon utan løn – det er slikt ein kan ta når ungane er store og ein bur på ein stad som Dimna.

– Vi bur jo ikkje på den dyraste plassen i Noreg, og det nyttar ikkje å vente med ting ein har lyst til, er visdomsorda frå 47-åringen. Og nett no byrjar revylysta å krible att, ho får stadig idear til revynummer som ho spring heim og skriv ned. Ein kan ikkje vente med slikt heller. – Eg jobbar nok best under press, og så lenge eg får halde på med kreative oppgåver, kan eg vere ganske vill i knotten.



Familielegen

VI MØTER KOMMUNELEGEN OG FAMILIEMANNEN **KARSTEN MELO**

Kommunelege Karsten Melø (33) er litt som Dr. House: Utolmodig og dedikert til jobben. Gudskjelov er han ikkje like surmaga som doktoren i TV-ruta. Tvert om. Inni legefrakken skjuler det seg ein fyr som elsker å leike putekrig med dei fire ungene sine.

Karsten er ein leiken fyr. Det er den beste eigenskapen han har som far.

– Eg synest det er gøy å leike med ungar, for eksempel ha putekrig på soverommet. Eller lage hoppeslott i senga. Eg må rett nok vere litt forsiktig med å hoppe i møblane, for det varierer litt kor kjekt kona mi, Aina, synest det er, men vi får stort sett lov, så lenge vi ryddar opp igjen etter oss.

– Og kva er den verste eigenskapen din som far?

– At eg er utolmodig og snarsint, vedgår han.

– Nokre gonger burde eg ha teke meg litt betre tid til å få overblikk over situasjonen for å forstå kva som har skjedd.

Familien Melø flytta til Ulsteinvik i 2006. Karsten er frå Halså på Nordmøre, Aina er frå Ulsteinvik,

og saman har dei fire ungar.

– Sant å seie var det litt tilfeldig at vi flytta hit. Frå før hadde eg vore på besøk hos familien til Aina, og eg visste at eg kunne trivast her. Aina var ikkje framand for tanken å flytte heim att. Så då eg fekk tilbod om jobb som kommunelege, kunne det ikkje ha passa betre. Sidan fekk Aina også jobb på legekontoret.

Familien Melø er litt av ein «bulkegjeng». Kvifor har Aina og Karsten valt å få så mange born?

– Vener plar å tøyse med at eg ikkje skjønner kva som gjer det, trass i at eg er lege. Neidå, det var no litt tilfeldig.

Tilfeldig, det også? Er det «the story of his life», at ting skjer litt på slump?

Karsten ler godt.

– Eg er kanskje ikkje så flink til å planleggje.

– Og så voks eg opp i ein familie med sju sysken. Eg opplevde det som veldig rikt. Eg har alltid tenkt at eg vil ha mange born. Men eg hadde aldri tenkt at det skulle vere så mykje arbeid!

Han forsikrar at det ikkje blir fleire. Sluttstreken er sett ved fire.

Karsten bestemte seg tidleg for å bli doktor.

– Pappa var doktor, og det er jo eit yrke som ofte går i arv. Gjennom heile skuletida jobba eg målretta for å kome inn på medisinstudiet. Eg er ikkje spesielt geni, så eg måtte lese ganske mykje. Yrkesval og familieliv er vel dei to tinga eg har hatt klart for meg store delar av livet, og så har resten kome litt meir tilfeldig.



KARSTEN MELØ (33)

Kjem frå Halså på Nordmøre, 33 år. Gift med Aina Ulstein (33) frå Ulsteinvik. Saman har dei fire born: Martin (8), Maren (6), Ulrik (3) og Jonas (1,5). Flytta til Ulsteinvik i februar 2006.

“ Yrkesval og familieliv er vel dei to tinga eg har hatt klart for meg store delar av livet, og så har resten kome litt meir tilfeldig.”

KARSTEN MELØ KOMMUNELEGE

Han har fått avkastning på all lesinga på fleire måtar. Det var på lesesalen i Trondheim han møtte Aina, ho studerte til bioingeniør. Karsten blei bergteken på flekken. – Eg skreiv lapp til ho, og så prata eg med ho i pausen. Og resten er historie.

Som spesialist i allmenmedisin må ein rekne med å flytte på seg. Karsten har jobba som turnuslege både på Hitra og i Ålesund, før han kom til Ulsteinvik. Han saknar venene frå studietida, mange av dei er i dag busette i Vestfold. No for tida, medan han har små ungar, har han ikkje tid til å føle seg einsam, og han har lite overskot til å skape nye, nære relasjonar. Men det går seg nok til. Folk i Ulsteinvik er flinke til å inkludere innflyttarar.

Den vesle familien utgjør cirka 0,05 prosent av innbyggjarane!

– Det passar meg veldig godt å jobbe som kommunelege i Ulsteinvik. Eg har fridom til å bestemme over eigen kvardag, og kollegaene er veldig kjekke. Byen er passe stor for meg. Halså, der eg kjem frå, er for lite; der kjenner alle alle, og det kan bli litt trongt, spesielt med den jobben som eg har. Ulsteinvik har i tillegg masse fritidstilbod, alt frå fotball til ballett. Idrett er viktig for meg, og eg er glad i naturen. Då er det fint å bu midt i eit av dei finaste turområda på Vestlandet. Det er korte avstandar til mellom anna Ørsta Skisenter vinterstid, og fjellturar sommarstid.

No har det dessutan løyst seg med tomtekjøp, slik at familien kan

byggje hus. Ulsteinvik er nemleg i den situasjonen at folk vil byggje hus, fortare enn tomtene blir ferdige. Fram til no har familien Melø budd i ei terrasseleigheit med to soverom pluss kott.

– Eg prøver å overtyde Aina om at det er bra nok, eg har ikkje noko ønske om å bruke mykje pengar på hus. Materielle ting er ikkje så viktige for meg. Men det er klart at det skal bli godt med større plass, spesielt no som ungene byrjar å vekse til. Eldstemann er åtte år, yngstemann halvanna.

– Vi ser for oss resten av livet i Ulsteinvik. Her skal vi byggje hus, og det er godt å vere i nærleiken av familien.



Sykkelikonet

MARTIN NOTØY NEVSTAD ULSTEINVIK SITT NYE SYKKELIKON

Martin Notøy Nevstad (17) takkar Ulsteinvik for at han kan satse på eit liv som proffsyklist. Ulsteinvik kvitterer med å blomstre som sykkelby.

Til tross for sin unge alder; Martin er blitt eit ikon i sunnmørsbyen.

– Eg kjenner mykje folk og er i grunn ein sosial type. Det er mange som snakkar med meg og spør korleis det går. Sykkelmiljøet i Ulsteinvik har blitt veldig bra. Det er viktig for meg at også andre driv med idretten, og at det kjem nye folk å trene med i sykkelklubben.

Ulstein og Omegn Sykkelklubb har dobla medlemstala, og det blir selt dobbelt så mange sykkel- som skilicensar.

– Det er dyrt å drive med sykkelidrett, og eg har eit høgt årsbudsjett. Heldigvis kjem eg frå ei bygd som hjelper meg, viss ikkje kunne eg ikkje ha satsa så stort.

Blant lokale støttespelarar er Sparebank 1 Søre Sunnmøre, Tussa, Arbiro, Hareid Elektriske og Sundal Yacht. Toyota har sikra seg det unge talentet og er hovud-

sponsor. I tillegg er det godt med ein familie som bryr seg.

– Viss eg hadde budd på hybel og skulle ha laga min eigen mat, så hadde det aldri gått.

17-åringen har ein imponerende timeplan. Han trener nesten like mykje som andre stemplar seg inn på arbeidsplassen.

– No som eg er inne i ein konkurranseperiode, er det nyttig med rolege økter, difor trenar eg berre 10-15 timar i veka. Men elles trenar eg opp til 30 timar, seier det unge sykkeltalentet.

I tillegg går han på vidaregåande skule og bør sove 11 timar kvar natt.

– Når ein søv, ladar batteria mykje betre. Ofte er senga den beste kompisen min.

– Det blir ikkje mykje tid til festing, med andre ord?

– Ikkje på sommaren, nei. Men så snart vi er ferdige med sesongen, skal eg sleppe meg laus litt, ha litt avkopling i ein periode. Ein to-tre vekers tid.

Vanlege folk har ferie i fem veker. Men det går ikkje, viss ein vil bli best. Og det vil Martin. Ein må vere sta for å nå langt i idrett, men samtidig ikkje vere overtent slik at ein blir utbrent. Målet er å leve av syklinga.

Martin er aktiv på Facebook. Folk legg han til på venelista for å følgje med på korleis det går. Blant hjarter frå fine jenter kan ein finne hyllestar til Dire Straits og statusoppdateringar av typen:

«Jauda... det rolla no å går, heilt til ej pungtera! :p»

Så sant som det er sagt.



I nærleiken av desse idylliske omgjevnadene arbeider kommunen for å få på plass eit nytt byggefelt.

På nye tufter

Berre ein kommune i landet hadde større prosentvis auke i folketalet enn Ulstein i første kvartal i 2010. Folk vil bygge hus fortare enn tomtene blir klargjorte. No jobbar kommunen på spreng for å få ferdig om lag 50 nye tomter på Skeide i løpet av 2012.

Auken i folketalet skriv seg i hovudsak frå tilflytting, først og fremst frå utlandet. Første kvartal i år kom 122 av 178 nyinnflytta frå andre land. Mange av desse kjem for å jobbe i den maritime næringa. Verknadene av finanskrisa så langt viser at Ulstein ikkje har blitt så hardt råka som frykta.

Kommunen arbeider for å få på plass ny reguleringsplan for byggefelt på Skeide. I tillegg til cirka 50 tomter, ønskjer kommunen tre-fire område med tettare utnytting av arealet, til dømes i form av terrassehus. Den arkeologiske registreringa skal vere avslutta i løpet av oktober i år. Før ei samla utbygging kan

skje, må reguleringsplanen godkjennast og kommunen få hand om grunnen. Det kan skje så tidleg som i byrjinga av 2012.

Andre aktuelle tomteområde under planlegging er Hofset-Vik utmark og Halsekerdalen.

Ulstein hausten 2010

Ein liten smakebit av det som skjer i Ulstein kommune i løpet av hausten!



SVEN NORDIN - "PAPPA"

Sjøborg Kulturhus
Onsdag 8. desember



JUL I MUMMIDALEN

Sjøborg Kulturhus
Torsdag 18. november kl 18.00



THE MANHATTAN TRANSFER

Sjøborg Kulturhus
Torsdag 11. november



BRAZZ BROTHERS

Sjøborg Kulturhus
Søndag 7. november



MARIT VOLDSÆTER - DRIT I Å DANSE

Sjøborg Kulturhus
Torsdag 21. oktober kl 19.00

Oppdaterte aktivitetar utover hausten finn du på www.ulstein.kommune.no eller www.sjoberg.no

Arealdelen av kommuneplanen

Kvar skal hyttefelta ligge?
Kan eg få bygge naust?
Kor store er tomtene?
Kvar skal vegane gå?

Vi presenterer arealplanframlegget på fleire folkemøte i haust, og inviterer samstundes til ein god dialog om korleis arealet i Ulstein kommune skal disponerast i framtida.

Folkemøta vert gjennomført på:

Ulstein skule	Tirsdag	19. okt. 2010	kl 18 - 20
Sjøborg	Onsdag	20. okt. 2010	kl 18 - 20
Haddal skule	Tirsdag	26. okt. 2010	kl 18 - 20
Hasund skule	Torsdag	28. okt. 2010	kl 18 - 20

Sjå plandokumenta på kommunen sine heimesider
www.ulstein.kommune.no

NESTE UTGÅVE AV BLEST KJEM PÅ NYÅRET



ULSTEIN KOMMUNE

Ulstein kommune, 6065 Ulsteinvik, Norway, Tel.: +47 70 01 75 00, Fax.: +47 70 01 75 11, www.ulstein.kommune.no